

Sakshandsamar:

Eva Moberg
E-post: eva.moberg@sfj.no
Tlf.: 90591452

Vår ref.

Sak nr.: 16/3263-12
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 29.01.2018

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane
Askedalen 2

6863 Leikanger

Rapport – status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune; FT-sak 10/17.

Bakgrunn:

Vi viser til FT sak 10/17 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd.
 - b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
 - c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017.

Oppfølging av FT sitt vedtak:

Vi kan rapportere om følgjande oppfølging av fylkestinget sitt vedtak:

- 2.a) Fylkesrådmannen si vurdering av punkt 2.a, om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi, vart handsama i eige sak i fylkesutvalet; FU-sak 83/17. Det vart gjort følgjande vedtak:
 1. Fylkesutvalet ber om at det vert gjennomført ei kartlegging av kulturminne av regional verdi
 2. Kartleggingsarbeidet vert gjennomført som del av arbeidet med regional plan for kultur.

Kartleggingsarbeidet vil bli gjennomført i 2018/2019.

- 2.b-c) Til grunn for sakshandsaminga ligg ein rekke rundskriv og malar utarbeidd av staten. Følgjande gjeldande malar er evaluert og vert vidareført i sakshandsaminga:
 - Budsjettmalar for arkeologiske registreringsundersøkingar
 - Rapportmal for arkeologiske registreringar
 - Akseptskjema for arkeologiske registreringsundersøkingar
 - Malar for vedtak om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 (prøveprosjekt mellombels delegering)
 - Mal for tilråding dispensasjon frå § Lov om kulturminne 8.1
 - Mal for tilråding dispensasjon frå § Lov om kulturminne 8.2
 - Mal for tilråding dispensasjon frå § Lov om kulturminne 8.3
 - Mal for tilråding dispensasjon frå § Lov om kulturminne 8.4

- Mal for brot på kulturminnelova
- Funnskjema metalledetektorfunn
- Malar for dispensasjon frå Lov om kulturminne § 19 og 15.
- Malar for fredingsvarsel, utarbeiding av fredingsforslag og dokumentasjon i fredingssaker
- Mal for oppmoding om utbetaling av midlar post 71 og 79 på Statsbudsjettet (regionalforvaltnign.no)

I tillegg har fylkeskommunen utarbeidd eiga sjekklister til bruk i sakshandsaminga som er evaluert og oppdatert:

- Sjekklister med oversikt over kva kulturminnefaglege temaområde som skal handsamast i arbeidet med arealplanar, kva databaser som skal nyttast, samt andre forvaltningsorgan på kulturminnefeltet som skal involverast.

Det er vidare utarbeidd følgjande nye malar/rutinar:

- Oversikt og rutinar for handsaming av kommunale planar med informasjon om lovheimel, fylkeskommunens rolle, ansvar i høve delegeringsreglementet, definerte ansvarsområder, samt rutinar for koordinering av arbeidet mellom plansjefen og fylkesdirektøren for næring og kultur (jf. sak 16/8492).
- Mal for kulturminnefagleg uttale utan krav om § 9-undersøkingar
- Mal for kulturminnefagleg uttale med varsel om § 9-undersøkingar
- Mal for prosjektplan § 9-undersøkingar
- Mal for tilbakemelding etter gjennomført § 9-undersøking
- Mal for uttale til nydyrkingssøknader
- Mal for klage til dispensasjonar frå Plan- og bygningslova
- Mal for motsegnaker
- Oversikt over godkjenningsrutinar for kulturminneforvaltninga sitt arbeid med kulturminnesaker.

Alle malar og rutinar ligg i eiga mappe på Q:KA/kulturminne som alle sakshandsamarane har tilgang til. Ved årsavslutting skal malar og rutinar evaluerast og ev. oppdaterast.

Dei nemnde malane og rutinane vert ikkje sendt kontrollutvalet i denne omgang, men vil sjølvstøtt bli sendt utvalet om det er ønskjeleg.

Med helsing

Jan Heggheim
Fylkesdirektør for næring og kultur

Eva Moberg
fylkeskonservator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Hogne Haktorson, HFK
Roald Breistein, HFK

Kopi til:
Tore Eriksen, FRM
Paal Fosdal, FRM